




# Grunnlagsnotat

Ny utlysning DK 1203 Nordhordaland



## Innhald


1 Innleiing.....	2
2 Vegnetett.....	3
3 Ansvar, organisering og oppgåver.....	3
4 Omgrepa drift og vedlikehald.....	3
5 Driftsprosessar.....	5
5.1 Vinterdrift.....	5
5.2. Vårreingjering.....	5
5.3. Dekkereperasjonar.....	5
5.4. Kantslått.....	6
5. 5. Tunnelvask.....	6
5.6. Reinhold av sideanlegg og vegutstyr.....	7
6 Standard i kontrakten ved budsjettnedtrekk.....	7

## 1 Innleiing

Driftskontrakt 1203 for Nordhordland gjeld for perioden 1. september 2013 – 31. august 2018. Statens vegvesen vil lyse ut ny driftskontrakt hausten 2017 for perioden 2018 – 2023, med oppstart 1. september 2018. Det er lagt opp til opsjon på 1 år.

Geografisk strekk kontrakten seg frå Steinestøkrysset i Bergen kommune og inkluderar alle kommunane i Nordhordaland med unntak av Modalen. Kontrakten femnar og om heile Gulen kommune og delar av Høyanger kommune som ligg sør for Sognefjorden i Sogn og Fjordane fylke. Grensene er synleggjort i figur 1 under:

Figur 1: Geografisk utstrekking av DK1203 - Norhordaland



Kjelde:<http://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/SimpleViewer/index.html?appid=f25e30debb814893aa314e57a9891900>

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vurdert det som driftsmessig og økonomisk mest tenleg at deira vegstrekningar held fram med ligge i DK1203 – Norhordaland<sup>1</sup>

<sup>1</sup> [http://www.sjf.no/ato/esa62/document/framlegg-saknr26\\_2017-cat344489-mid94542\\_b7ec725b80.17076263d17076263.637fc6730f.pdf](http://www.sjf.no/ato/esa62/document/framlegg-saknr26_2017-cat344489-mid94542_b7ec725b80.17076263d17076263.637fc6730f.pdf)

## 2 Vegnetett

Vegene i kontraktsområdet ligg i Nordhordaland og Sogn og Fjordane. Omhandla vegnett er om lag 840 km, fordelt på

- 95 km riksveg ( E39 Åsane – Oppedal )
- 505km fylkesveg i Hordaland fylke
- 240 km fylkesveg i Sogn og Fjordane fylke
- Det er ikkje G/S-veger i Sogn og Fjordane i kontraktsområdet.

## 3 Ansvar, organisering og oppgåver

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for at fylkesvegane i Hordaland har en forsvarleg standard. Arbeidet med drift og vedlikehald av fylkesvegane er i dag organisert gjennom sams vegadministrasjon. Det er Statens vegvesen ved vegavdeling Hordaland som forvaltar oppgåvene knytt til dagleg drift og vedlikehald av fylkesvegane - på vegne av Hordaland fylkeskommune. Drifta fylkesvegane er samordna med drifta av riksvegane.

## 4 Omgrepa drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald er fagområde betyr mykje for framkomst og trafikksikkerhet på vegane.

Med drift meiner vi naudsynnte oppgåver og rutinar for at vegane skal fungere godt for trafikantane sin daglege bruk. Utfordingane er størst om vinteren med snørydding/brøyting og tiltak for å auke friksjonen. Om lag 60% av driftsutgiftene over året er knytt til vinterdrift.

Vedlikehald betyr innsats og aktivitetar som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv, som å oppretthalde standarden på vegdekke, grøfter og vegutstyr i tråd med fastsette kvalitetskrav.

Krava til drift og vedlikehald av det einskilde objekt tek utgangspunkt i den tiltenkte funksjonen. Når vi gjennomfører drift og vedlikehald i samsvar med krava, sikrar vi at funksjonen til objektet vert teken vare på. Lågare innsats på drift og vedlikehald resulterer i auka forfall.

Oppgåvene knytt til drift og vedlikehald på fylkesvegane vert utført av private entreprenørar som vann konkurransen om beste tilbod. Kontraktane er organisert slik at riks- og fylkesvegane inngår i same kontrakt. Kontraktregimet er todelt, med totalt åtte driftskontraktar og fem fagkontraktar. Driftskontraktane omfattar i hovudtrekk:

- Drift av drens-system for å sikre frie vassvegar
- Lapping og reparasjon av lokale skader i asfaltdekke
- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermer, stabilitetssikring, kantstein, gjerde, rekkverk, skilt og anna vegutstyr; rasteplassar, leskur etc.
- Drift av grøntareal og skrånningar
- Reinhald
- Inspeksjon, reinhald og reinsk av tunnelar
- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaiar
- Vinterdrift

Driftskontraktane inneheldt ikkje desse oppgåvene:

- Dekkefornyning
- Oppmerking
- Drift av vegljøs
- Vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaiar.
- Investeringsoppgåver

## 5 Driftsprosessar

### 5. 1 Vinterdrift

Vinterdrifta utgjer om lag 50-60% av kostnadene i driftskontraktane. Krava til vinterdrift er skildra i HB R610 (s.117-132). Standarden er delt inn i ulike driftsklassar der den beste er DkA og den dårlegaste DkE. Det er eigne vinterdriftsklasser for sideanlegg (plassar)<sup>2</sup>. Gang og sykkelveg har to vinterdriftsklasser (GsA og GsB)<sup>6</sup>. Val av vinterdriftsklasse for ei samanhengande rute skal gjerast ut frå trafikkvolumet på vegruta.

Driftsklassane skil mellom anna mellom kva fristar entreprenørane skal halde i høve til brøyting og strøing av veggana etter ei værhending, og kor mykje av veggana som skal være fri for is og snø. Driftsklassane DkA og DkB nevnt ofte som barvegstrategiar, medan dei øvrige nemnt som vintervegstrategiar. I eskisterande kontrakt er hovuddelen av vinterdrifta i DkC (om lag 600 km), medan om lag 200 km er i DkB, resten fordelar seg i dei øvrige driftklassane. Berre om lag 7 km av E39 er i DkA<sup>3</sup>.

Værtilhøva er avgjerande for utgiftssida i kontrakten, sidan mykje av oppgjersforma er mengdebasert.

### 5.2. Vårreingjering

Entreprenørane nyttar store spesialutstyrte feiebililar for å koste veggana fri for støv, salt og sand. Skyllevatnet vert handsama som spesialavfall og går gjennom. Dette gjennomførast i hovudsak om våren for å rydde etter vinterdrifta. Feiinga reduserar miljøpåverknaden av vinterdrifta, og lengar levetida til grøfter og stikkrenner.

### 5.3. Dekkereperasjonar

Kvaliteten på vegdekke har mykje å seie for framkomst, tryggleik og brukaroppleving. Gode tilhøve for avrenning og dreinerer er viktige for å halde oppe kvaliteten på vegkropp og vegdekke. Eit viktig moment er at det skal være takfall (tosidig tverfall) på rette strekk og ein-sidig tverfall i kurvar<sup>7</sup>, og ingen langsgåande kantar som stenger for avrenning frå vegganen. Dei vanlegaste skadetypane på asfaltdekke er spor, ujamnheit, langsgåande og tverrgåande sprekker, slaghol, krakkelering, forvitring og liknande.

---

<sup>2</sup> [https://www.vegvesen.no/s/anbud/dkmal2015/xxxx-D2-S10-Krav\\_til\\_ulike\\_vinterdriftsklasser-20140501.pdf](https://www.vegvesen.no/s/anbud/dkmal2015/xxxx-D2-S10-Krav_til_ulike_vinterdriftsklasser-20140501.pdf)

<sup>3</sup> <https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/@600000,7225000,3>



Bilde: Typiske slitskadar på asfaltdekke - her frå Fv. 404 i Lindås



Kjelde SVV

For dei fleste fylkesvegane i kontraktområdet er det ikkje sett av ressursar til annan dekkereperasjon enn slaghol.

#### 5.4. Kantslått

Eit viktig tiltak for å auke trafikktryggleiken, redusere forfall og betre siktlinene langs vegbana er kantslått av grøntareala. Kantslåttareal langs veg, gang- og sykkelveg og fortau omfattar areal ut frå vegkant. Krav til ryddebredde er skildra i handbok R610 (s.102).

#### 5. 5. Tunnelvask

Det er fleire grunnar til reinhald av tunnelane. For de første skal reinhalde sikre god sikt for trafikantane i tunnelane, og at skilt og vegmerking skal vere synleg. Eit anna vesentleg moment er ønske om å lenge levetida til utstyret som er montert i tunnelen, og hindre korrosjon og nedstøving. Behovet for tunnelvask vert i hovudsak rekna ut frå årstdøgntrafikken på vegstrekninga. I kontraktområdet varierer vaskinga frå 1 heilvask per år til 2 heilvask og 5 halvask per år for dei mest trafikkerte tunnelane.

## 5.6. Reinhold av sideanlegg og vegutstyr

Ein viktig oppgåve i kontrakten er reinhold av sideanlegg og vegutstyr. Dette er utstyr som til dømes skilt, vegoppmerking, vegbelysning, signalanlegg, rekkverk, støyskjermer, tekniske bygg, avfallsbeholdarar, leskur m.m. Dette er eit viktig tiltak for god trafikkavvikling, tryggleik og service til brukarane. Krava er skildra i R610, og presisert i kontraktsgrunnlaget.

## 6 Standard i kontrakten ved budsjettnedtrekk

Trafikktala syner store sprang mellom vegane i kontraktområdet. Frå vel 40 til noko over 17 500. Typisk er det størst trafikk i dei tettast bygde områda nærast Bergen, og lågast i gravgrendte strom. Ved ein eventuell budsjettnedtrekk i kontrakten er det i slått fast av Hordaland fylkeskommune at dette vert gjeldande for det øvrige fylkesvegnettet med låge trafikktal.

Aktuelle vegar for nedtrekk på øvrig fylkesvegnett er: Fv. 377, 383, 389, 394, 398, 400, 401, 404, 410, 414, 418. Dette er vegar med ÅDT (trafikktal) mindre enn 500.





Statens vegvesen  
Region vest  
Vegavdeling Hordaland  
Postboks 43 6861 LEIKANGER  
Tlf: (+47) 22073000  
firmapost-vest@vegvesen.no

[vegvesen.no](http://vegvesen.no)

**Trygt fram sammen**